

Voss 23/4 2018

Frå:  
Stiftinga Bergsliminne  
% Voss Folkemuseum  
Mølstervegen 143  
5705 Voss

Til:  
Voss kommune  
Tekniske tenester v/planavdelinga  
Postboks 145  
5701 Voss  
postmottak@voss.kommune.no

**Merknad til Offentleg områdereguleringsplan for Vossevangen  
planid 2018001**

Viser til brev frå dykk dat. 20/3-18, ref.18/0075-7

Oppgåva til Stiftinga Bergsliminne er å vrdsla om Bergslitræet, barndomsheimen til kunstnarbrørne Knud og Brynjulf Bergslien, og formidla deira og brorsonen Nils Bergsliens, kunst gjennom utstillingar og undervisning på staden til liks med andre minne etter Bergsliane på Voss.

Me er glade for planen og sluttar oss til føremåla med han slik dei vert målborne på s. 2: Det er viktig med eit levande, attraktivt sentrum med **identitet** og **sær preg**, der **byggjehögder** og **estetikk** er viktig. - Så vonar me at dette ikkje berre vert vene ord - motkreftene er sterke.

Noko meir om Bergslitræet og Bergsliane.

Brørne Knud (1827 - 1908) og Brynjulf (1830 - 1898) er fødde og oppvaksne her. Båe spela viktige roller i oppbygginga av den nye nasjonen Noreg. Knud med sine historiske målarstykke frå vikingtida og mellomalderen og dagsaktuelle tilburdar som kroninga av kong Oscar II i Nidarosdomen. I vår tid har biletet "Birkebeinarane på ski over fjellet med kongsbarnet" fått ny aktualitet med Birkebeinarrennet og fil- men om birkebeinarane.

Biletstøttene til Brynjulf pryder hovudstaden. Mest kjend er ryttarstatuen av Carl Johan framfor Slottet. Carl Johan-statuen ser me alle saman på fjernsyn 17. mai.

Bergslitræet er ein av tre husmannsplassar under Prestegarden langs Vosso i Prestegardsmoen. Bergslitræet ligg i midten mellom Hestabakken ovanfor og Skogly nærmast Tinrabrua. Sistnemnde stad budde ferjemannen som ferja folk over Vosso og her var det kafé sommarsdagen.

Dei tre husmannsplassane framstår i dag som tre grasgrodde glenner i skogen, fint stelte av Grøn etat i kommunen.

Av det ovannemnde skulle det gå fram at Bergslitræet med soga om dei to nasjonsbyggjande husmannsønene både er bygdesoge og rikssoge, identitetsskapande både for Voss og Noreg.

**Me reknar med at områdeplanen sikrar Bergslitræet og granneplassane mot skiplande inngrep også i framtida.**

Også på Flat-Vangen er der minne om Bergslikunstnarane. I Bergsliparken står minnesmerket over dei tre; Knud, Brynjulf og brorson Nils. Det var Magnus Dage som gjorde utkastet til minnesmerket.

Tverrgata innom Bergsliparken heiter Bergsliplassen. (Sjå *Gunstein Akselberg. Veg og gatenamnleksikon for Vossabygdi.*) Ein kan nemna at både Kongsvinger og Oslo har kvar si Bergsliensgate.

Bergsliplassen på Voss manglar gatenamnskilt. Eit slikt må det vera her.

Me har også eit sterkt ynske om at parkeringsplassane langs vestsida av Bergsli-plassen vert fjerna. Parkerte bilar her skiplar innsynet mot Vangskyrkja og Bergsli-parken og veikjer opplevinga av desse kulturminna.

**Konklusjon.**

Denne gjennomgangen av minne knytta til dei tre Bergsliane og miljøet kringom dei skulle visa at her ligg noko av den identiteten og særhåtten som planutkastet ynskjer å ta vare på. Stiftinga Bergsliminne vonar at våre merknader vert tekne om-syn til.

I fall de som arbeider med planen treng fleire opplysningar eller de tykkjer noko er uklårt, står me til teneste med opplysningar eller gjerne ei synfaring.

Vend dykk i så fall til:

Aslak L. Helleve  
Hangursvegen 11  
5704 Voss  
tlf 56 51 91 28  
e-adr [ashelle@online.no](mailto:ashelle@online.no)

For  
styret i Stiftinga Bergsliminne

Aslak L. Helleve

sign

skrivar og nestleiar